Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Granvin

Emne: 6. II Hardingfela m. m.

Bygdelag: "

Oppskr. av: Jon Haukanes

Gard:

(adresse): Folkedal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Veit ikkje å svara noko på dei 13 spursmåla under bolk A.

For ein 10-15 år sidan sende eg ymse svar um fela, korleis ho var laga, um emningstreet og nemningar på delane ho var sett saman av. Eg meinar svaret vart send til Nils Lid m. fl. i Oslo, sovidt eg minnest.

For tidi lever her ingen i bygdi som lagar korkje felor eller anna musikkinstrument. Men fyrr var her fleire som lagar hardingfela, eller etterlikning av ho. Felestrengjer laga dei av kattatarmar, som dei strekte ut på ei fjöl, med fleire bukter av tarmen. Det fortalde ein skreddar og spelemann Lars Larsson Såkvitno. Halte-Lars vart han og kalla. Eventyrsamlaren Asbjörnsen nemner han Lars Rönnestrand, då han budde der. Halte-Lars döydde for ca. 40 år sidan. — Felearbeid og arbeid med strengjer av kattatarmar ligg meir enn 150 år tilbake i tidi —

1720

Dei flesta felor eg minnest var innførde frå felemakarar på Botn i Kvam under namn av isaksfelor og Trondafelor; eller dei kunde vera innførde frå Samnanger — Savningafelor.

På Granvin bygdemuse er fela med kasse gøymd etter ein Aksel frå Skånevik som levde og døydde som ungkar på garden Røynstrand i Granvin. Ho er mykje gamall — kanskje eit par hundra år. — Den siste felemakaren eg minnest i Granvin var ein Johannes Sjurson Vindal — Sjedikener er han og kalla. Men det var sikkert få felor han arbeidde.

Ein Olav Aslakson Kjerlandshagen, fødd Vindal, var ein god spelemann. Fela hans skal vera i eiga hjå sonasonen Ola O. Vindal, adr. Granvin. I allefall veit han um fela. Sume segjer at det var fela etter ovannemnde Aksel.

Olav Kjerlandshagen døydde ca. 1880.

Ein Otte Haukanes, død 1847, var ein flink spelemann. Fela (hans) er umtala av Arne Bjørndal i Bergen. eigar Knut M. Røynstrand i Granvin

Ca. 1884 (ca. 1893) vart den fyrste Telemarksfela kjøpt av spelemannen Nils Tjoflåt i Kinsarvik. Det var telemarkingen Samson Lykerud som selde. Han var då på spelferd i Hardanger.

Etter storspelaren Ola Håstabø er 2 felor: eigar av den eine er Samson M. Hamre, pst. Folkedal og den andre fela eig Utne bygdemuse, Utne. Dei kallar seg eller Hardanger muse.

1720

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Spelemann Ola Sekse, død ca. 1895, umtala av Myllarguten som hans beste elev, og umtala av og saman med Ole Bull på Bergens nye teater og nemn Ola Folkedal, då han budde der i tidi 1848-78, seinare i Skjold.

Rei fela etter Ola Sekse eller Folkedal eig fanejunkar Ivar A. Folkedal, Folkedal.

Salmodikon var fyrr brukt av bønderne på ymse garar under song av salmar og i skulane, der kvar skule hadde sitt salmodikon og sifferbok. I mi læretid på Stord sem. hadde ~~med~~ øvelse i salmodikonspel med koralbok og tabellar. Fela var då valfritt.

Gjætarlur kunde eg høyra i min barndom frå stølen Verkadalen, over fjorden midt for Haukanes, stølen eig garden Røynstrond. Når gjætaren spela på luren, kom smalen rekkjande til støls og fekk salt. Men luren tagna, og stølen vart nedlagd. — Luren var av tre og bunde saman med taogavidje – bjørkeróter dei fann i fjellet. Noko laust munnstykkje var der ikkje. Um her finst gjætarlurar no i bygdi, veit eg ikkje.

Seljefløyta til småborn vert laga kvar vår, når seljeborken losna frå veden.

Ein Pål Spildo, d. ca. 1930, spela ei fløyta som sume kalla klarinett. Eg høyrde han spela i 1890. Han hadde og ei fela han spela på; men det var berre rikkespeling. „Han er ein rikkespelar".

1720

1720

VIII.

Kraakeskredla vart bruka til å halda kraako vekke frå kornåkren. Der dei hev frukttre er ho vel enno bruka til halda fuglane vekke – soleis trosta vekke frå morelbæri o. d.

Langeleik snakka dei gamle um at det hadde vore i bruk i bygdi, men er ukjende no. For nokre år sidan såg eg ein gamall langeleik hjå Ivar Pålson Hakastad i Ulvik.

22/5 1948.

Jon Haukanes.

1720

1720

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING